

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV MARS 2005.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Vigdis Riise

Fødselsdager i mars:

Svein Johs Flø 01.03

Jacob Pieroth 07.03

Inger Trine Johnsen 14.03

Jarle Klungsøy 26.03

100%frammøte i mars 2005:

Ingar Bigset, Johs J Hareide,
Hans G Holstad, Jon Jarle Holstad,
Odd Arne Holstad, Ågot Riise,
Jarle Klungsøy, Trygve Riise, Hans
Otto Rise.

Frammøte 65,6%

ÆTT OG ARV

Ein Salomo vil alle
so gjerne ættast frå,
men Jørgen hattemakar
vyrder me lite på,
for det fyl minder ære
med nåli enn med sverdet.

Um besten din var husmann,
so ver du like kaut.
Han var kan henda betre
enn ein med mange naut
og åtte kanskje grjotet
og ville kjempemotet.

Hugs meir enn all hans eige
ermannens eige verd,
det er det beste gullet
som du til ervinga fær,
som meir enn gods og gardar
kan kveikja viljevardar.

Og kan me ikkje brikja
som sume med vår ætt
og kyta ut av storfolk,
so har me same rett
på gamle apefaren
- og det er beste karen.

Olav H. Hauge

Månadsbrev Hareid Rotaryklubb - Mars 2005.

Referent: Vigdis Riise

Møte 07. mars.

Denne møtekvelden var det avsett god tid til Otto Holstad som skulle fortelje frå ei reise til Thailand som han og kona Alfhild hadde i januar-februar.

Thailand er om lag like stort som Frankrike og sidan landet er forholdsvis langstrakt er klimaet svært varierande frå nord til sør – for det meste varmt og fuktig med temperaturar frå 23 – 33 grader. Landet er eit kongedøme som vart etablert første gong i 1350 har 66 millionar innbyggjarar og dette stig med ca. i million pr. år. Den offisielle thailandske tidsregningar starte ved Buddha sin fødsel i år 543 f.Kr. og 90% av innbyggjarane er buddhistar der ca. ein halv million munkar held til i 18000 tempel.

Sentralt i buddhismen er trua på fleire liv og fordi buddhistane trur dei skal få det bete i sitt neste liv, er dei villege til å finne seg i mykje og ofrar gjerne av eiga tid og inntekt til bygging av tempel og gi mat og gåver til munkane.

Mange born av fattige foreldre vert sende til tempela slik at dei skal få mat og undervisning.

"Etter mi meining er buddhistane heidningar etter vår religion, dei tilber gullkalven ", sa Otto og fortalte et alle har små tempel utanfor husa sine der dei legg ut mat og drikke. Dei er alle redde for å gjere noko gale, for då kan det gå dei ille i det neste livet.

"Det er eit paradoks at her har du eit folk så venlege, ærlege og imøtekommende at eg knapt har sett maken ! – og det som leika i tankane mine er all den ufreden som religionen skaper , t.d. i Nord Irland, Midtausten etc. og her har du eit folk som dansar kring "gullkalven " og som er så fredelege og makelause at ein knapt kan tru det !

Elles er thailendarane eit stolt folkeslag som er svært gjestfrie og lette å kome i kontakt med. Dei set pris på eit smil og du

kjem lenger med tolmod og humor enn sinne og aggresjon.

Det er svært rimeleg å feriere i Thailand og ein kunne ete eit godt måltid for under nok. 50,-

Over alt var sal av billege varer som for det meste var plagiat av kjende merke. Til slutt viste Otto ein del foto som han kommenterte og som viste ei vellukka reise.

Møtedato 14. mars:

President Ingmar ønskte vel møtt til eit nytt møte og der Else Bakke Elvanes møtte som invitert komande medlem.

Deretter fekk Vigdis Riise ordet til å halde **egoforedrag**:

Ho tok utgangspunkt i slekta si opp på Gjerde på Hareid og fortalte om barndom og ungdomstid . Ungdomstida vart kort sidan ho gifte seg med Bjørn Riise forholdsvis ung og bygde hus på Gjerde. Dei fekk 3 born og Vigdis har seinare hatt eit aktivt liv innan både foreningsliv og politikk. Ho vart tilsett som bankfunksjonær i Privatbanken i 1975 og er framleis i arbeid der – no som kunderådgjevar og banken har skifta namn mange gongar og heiter no NORDEA. Ut over i 80-åra tok ho utdanning i Bankakademiet og i 1989 reiste ho til Lillehammer og gjekk på Nansenskolen som vart avslutta med ex. phil våren 1990. Ved valet i 1983 var ho fast medlem i Hareid kommunestyre og ved valet i 1991 vart ho vald som varaordførar . Vigdis har i mange år også vore aktiv innan Hareid Amatørteater og Hjørungavågspelet .

Møte 21. mars.

Dette møtet var programfritt. Neste møte fall bort då møtedagen var 2. påskedag.